

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Saksordførar **Nils Marton Aadland** presenterte planen og prosessen.

Røysting

Innstillingsa punkt 1-3 vart samrøystes vedteken.

Innstillingsa punkt 4 vart vedteken mot 27 røyster (A, SV, MDG, KrF, Sp).

Innstillingsa punkt 5-6 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, *PREMIS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
2. Fylkestinget utset handsaminga av handlingsprogrammet og ber fylkesrådmannen leggje dette fram i eiga sak snarast råd, der tiltaka er tydeleg prioriterte i rekjkjefølgje.
3. Fylkestinget legg til grunn at kulturplanen er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.
5. Fylkestinget legg til grunn at planen samsvarar med andre regionale planar der det er felles mål og tema.
6. Kulturminnevern og museum. Innsatsområde 2 / arenautvikling mål pkt. 2., vert det teke inn følgjande tillegg (kursiv):
 - Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde.

Innsatsområde 2 / Tiltak B vert følgjande tillegg teke inn (kursiv):

- Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, kultur- og idrettsarenaer.

I handlingsprogrammet pkt. 5.4 – Samordning, innsatsområde 10 tiltak A - Aktuelle aktørar / partnarar mål vert følgjande tillegg teke inn (kursiv):

- Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, kyrkjelege miljø.